


Målgruppa – kven skal vi samarbeide om?

Vi skal samarbeide om barn, unge og familiar med samansette behov. Det kan vere samansette problemstillingar av ulike årsaker; rus, psykiatri, vald, åtferdsvanskar, overvekt, funksjonshemming osv.

Ein pyramide kan illustrere korleis deler av barnegruppa kan ha behov for spesifikke tiltak:



Raud gruppe

- Har eit definert problem/behov/risiko

Gul gruppe

- Sekundær førebyggjande
- Tilhøyrrer risikogruppe/har risikofaktorar

Grøn gruppe

- Generelle førebyggjande tiltak for alle

Kva tiltak inneber dei ulike nivåa:

- **Grøn gruppe:**

Grøn gruppe utgjer hovudtyngda av barna og familiarne. Dei har ordinær oppfølging frå helsestasjon, barnehage, skule, tannhelse og tek del i diverse fritidstilbod. Kommunen har ei rolle knytt til generell tilrettelegging av samfunnet for barn og unge.

- **Gul gruppe:**

Gul gruppe krev meir målretta tiltak/rådgiving knytt opp mot spesifikke problemstillingar. Dette kan til dømes vere kjende risikofaktorar som skilsmisse, overvekt, funksjonshemming, utfordringar knytt til åtferd, lærevanskar, barn av foreldre med rusproblem og/eller psykisk lidning osv. Her vil fleire aktørar vere aktuelle. Ofte vil problemstillingane krevje tverrfagleg samarbeid.

- **Raud gruppe :**

Raud gruppe har definerte problem/behov/risiko som krev spesifikk oppfølging. Dette krev tverrfagleg samarbeid. Dette kan vere problemstillingar knytt til funksjonshemming, rus, psykiatri, åtferd m.m.